



Bjørnar Berger frå Trøgstad med Sleppåsens Berte på Rabben etter dagens regnvåte innsats

Fyrste dag av NM i bandhund med Uskedalen som base vart ei våt oppleving for både tobeinte og firbeinte. Det bles heller ikkje og samla sett må konklusjonen verta at tilhøva var problematiske. Difor er deltakarar, ledsagarar og dommarar forventningsfulle framfor den andre dagen, med eit langt meir positivt vervarsel.

- Det byrja fint då vi starta klokka 6, men så kom regnet, sa Bjørnar Berger til uskedalen.no då han slappa av etter innkomsten, nydusjet og trass i alt fornøgd med innsatsen. Han kjem frå Trøgstad i Østfold og har som dei fleste andre fått innkvartering på Rabben mens nokon bur på Solheim, nokon på Dønhaug og nokon privat. Eit arrangement som dette er større enn ein skulle tru. Riktignok er deltakartalet berre 27, men i tillegg kjem kjentmenn og dommarar og difor må ein multiplisera med 3.

Starten gjekk altså svært tidleg og 6 timer er sett av kvar dag til tevlinga. 2 av deltakarane hører heime i Kvinnherad - det er dei rutinerte Arne Hanssen og Tore Storhaug.

Så spør det om dei har sjanser til topp-plassering på heimebane sjølv om dei kjenner dei lokale tilhøve betre enn mange av dei andre. Fjorårsmeister Even Sinnes frå Trøndelag er for sin del ikkje sikker på om han hevda seg i vestlandske fjordar og fjell men andre vi har spurt er ikkje med på at topografien er så framand,

I alle fall vert det ikkje gjort kjent kven som har vunne før etterat andre dags tevling er avvikla. På den positive sida må ein ta med at det vart sett relativt mykje hjort i dag. Den sto relativt lågt i terrenget.

Det meste av kommunen vert utnytta desse 2 tevlingsdagane - frå Enes til Sydnes og også til Åkra i sør. Uskedalsområdet har mellom andre Eikedalen som tevlingsarena. Det er trekning av områda framfor kvar tevlingsdag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Irene Sørnum frå Larvik tar ein liten pause i Helvig-terrenget i Herøysund under fyrste dag av NM i bandhund. Hunden heiter Gokstadhaugens Lotus junior. Frode Aakre tok biletet.